

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren merka seg ordlyden «nær grensa for hvor mye garantier de kan stille» som spørjaren peikar på.

Så langt fylkesordføraren kjenner til, er det ikkje noko grense for storleiken på den totale fylkeskommunale garantisummen. Kvar einskild garanti vert godkjent av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kor vidt fylkeskommunen skal stille garanti, må vurderast i kvart einskild tilfelle. Det er finansieringa av dei einskilde prosjekta som her er avgjerande. Risikoen for renteutviklinga, bompengepotensialet og med det trafikkutviklinga, er sentrale faktorar i ei slik vurdering.

Fylkesrådmannen opplyser at ein så langt ikkje har registrert negativ innverknad på fylkeskommunen sine lånevilkår som følge av fylkeskommunen sin samla garantisum.»